

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 03.11.2016
SAKSHANDSAMAR: Bård Humberstet og Haakon Totland
SAKA GJELD: **Internrevisjonsrapport – Forvaltning av tilskotsordningar i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2016/2528
STYRESAK: 138/16

STYREMØTE: 07.12. 2016

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Kommentarar

Føremålet med revisjonen har vore å kartlegge og vurdere om helseføretaka har etablert tilstrekkelig styring og kontroll med tildeling og oppfølging i sine tilskotsordningar.

Dei aktuelle tilskotsordningane er i all hovudsak administrert av Helse Vest RHF, med eit begrensa tillegg i Helse Bergen HF. Revisjonen har difor omfatta desse einingane.

Metodisk er det nytta dokumentanalyse av relevant dokumentasjon frå helseføretaka og gjennomført intervju med leiarar og andre tilsette.

Hovudkonklusjon: Helse Vest RHF si forvaltning av ordninga med tilskot til brukarorganisasjonane er i hovudsak tilfredsstillande. Rutinane for - og gjennomføringa av - tildelingsprosessen bør likevel i større grad dokumenterast skriftleg.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 1. november 2016. Dette blei notert (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.

Konklusjon

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet om oppfølginga i RHF-et når det er gått ei tid. Det vil venteleg skje på forsommaren 2017. Tilbakemelding til styret vil bli gitt i årsrapport.

Vedlegg:

Internrevisjonsrapport om Forvaltning av tilskotsordningar i Helse Vest.